**Statens vegvesen**

# Referat

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Dato:** 19.08.2022 | | **Saksbehandler:** | Nils Inge Romarheim |
| **Tid:** 1200 -1245 | | **Tlf. saksbeh.** | 906 59 309 |
| **Referent:** Nils Inge Romarheim | | **Vår dato:** | 23.08.2022 |

## Møte i styringsgruppa for Bypakke Ålesund

| | |
|---|---|
| **Møtenr:** | 6-2022 |
| **Stad:** | Teams |
| **Møteleiar:** | Tore Johan Øvstebø |
| **Til stades:** | Styringsgruppe:<br>Tore Johan Øvstebø, Øystein Tvedt, Vebjørn Krogsæter, Anders Riise, Kristin Sørheim, Ove Nesje, Cathrine Helle-Tautra (For Kjetil Strand).<br>Sekretariatet:<br>Liv Kjersti Finholt, Christine Rørvik, Torbjørn Vatnehol, Nils Inge Romarheim.<br>Andre:<br>Marius Maske, Arild Fuglseth, Ole Kristian Birkeland, Kjetil Sporsem, Jøran Mentzoni Eilertsen, Sol Berntsen Slinning, Malin Piegsa, Miroslav Vasilev. |
| **Forfall:** | Eva Vinje Aurdal, Kjetil Strand. |
| **Kopi til:** | Carl Johansen. |

| Punkt | Sak | Ansvar / Frist |
|---|---|---|
| 1 | Innleiing ved leiar for styringsgruppa.<br><br>Tore Johan Øvstebø innleia møtet.<br><br>Kommunikasjon har laga og sett i verk ein god kommunikasjons-plan i høve oppstart av bompengeinnkrevinga.<br><br>Referat frå førre møte i styringsgruppa vert godkjend. | |
| 2 | Oppstart av bompengeinnkreving – status kommunikasjon.<br><br>Christine Rørvik orienterte om status for kommunikasjon og kva tiltak som har vorte og vert sett i verk i samband med at ein no startar opp med bompengeinnkrevinga. Målet er at innføringa av bompengar skal vere godt kjend og at alle skal få tilgang til den praktiske informasjonen dei treng. I tillegg ynskjer ein å | |

| Punkt | Sak | Ansvar / Frist |
|---|---|---|
| | synleggjere kva ein får igjen for dette og kva prosjekt bompengane vert brukt til. | |
| 3 | Eventuelt.<br><br>Snuplass på Slinningen: Tilbodsfristen gjekk ut i sommar og ein er med inngått kontrakt innanfor styringsramma for prosjektet.<br><br>Biogass: Det er mogleg å fatte takstvedtak som gir redusert takst eller fritak for bompengar, for køyretøy i takstgruppe 2 som vert drivne på gass. Føresetnaden er lokalpolitiske vedtak om dette og at bypakka har innført miljødifferensierte takstar. Ei slik omlegging i Bypakke Ålesund krev behandling i Stortinget. Sekretariatet legg fram ei sak om biogass til neste møte i styringsgruppa.<br><br>Tilskotsordninga for mindre byområde: Ordninga var tema under ein debatt under Arendalsuka. Det kom positive signal frå politisk hald om ordninga, så det kan vere mogleg at ho kan starte opp att. Nettverket av mindre byområde vil jobbe med saka.<br><br>Kollektivknutepunkt ved sjukehuset: Helseføretaket tar endeleg beslutning i september om omfanget av deira engasjement. Ved bygging av parkeringshus, så skal ikkje SVV bygge heis og trapper ned til sjukehuset, og det vert nødvendig å reforhandle tidlegare inngått avtale med helseføretaket. SVV vil sende ut anbod i september for å kome i gang med bygginga av dei delane av prosjektet som ikkje kjem i konflikt med helseføretaket sitt arbeid. Ein kjem tilbake til nytt kostnadsoverslag når grenseflatene mellom prosjekta er avklart. | |